

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19	049	19.03.2019	11.04.2019	KS

12

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 14.03.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 14.03.2019



Jostein Støylen
Dagleg leiar



Karoline Sighaug
Karoline Sighaug
Konsulent



**OFFENTLEG
MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet

Møtestad: Åram skule – Vest kontroll.

Dato: 14.03.2019

Møtet tok til: 08:00

Møtet slutta: 10:35

Møtet var innkalla ved utsend sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Knut Aksel Thunem leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Knut Aksel Thunem	Leiar
Lidvar Kragset	Nestleiar
Oddvin Kragset	Medlem
Miriam Nystøyl	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn
Ester Sjørdal Klungre

Varamedlemar som møtte:

Namn
Hallstein Ljoså

Frå Vest kontroll møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Konsulent. Ikkje i sak 09/19.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møtte:

Namn	Stilling
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå administrasjonen / politisk hald møtte:

Namn	Stilling
-------------	-----------------

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Knut Aksel Thunem
Leiar

Miriam Nystøyl
Medlem

SAKLISTE

- SAK 01/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/19 GJENNOMGANG AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/19 MELDINGAR
- SAK 04/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 05/19 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018
- SAK 06/19 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 07/19 KONTROLLRAPPORT – ÅRSMELDING 2018
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 08/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 09/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – ØKONOMISK SOSIALHJELP
- SAK 10/19 NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

DRØFTING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/19	033	25.01.2019	14.03.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Miriam Nystøyl.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/19	049	25.01.2019	14.03.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 05.12.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 05.12.2018

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/19	033&17	06.03.2019	14.03.201398	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: «De nye reglene om rabatter i arbeidsforhold».
2. Frå bladet kommunerevisoren, desember 2018: «Endringer i kommuneloven – med vekt på regnskapsrevisjon».
3. Sivilombudsmannen, publisert 08.01.2019 «Lukking av møter i kommunestyret og formannskapet».
4. Vestlandsnytt 1. februar 2019. Nytt interkommunalt samarbeid mellom Herøy, Vanylven og Ulstein, «Felles skattekontor».
5. Melding om vedtak. «Vanylven kommune- regulativ for godtgjersle for folkevalde, rullering».
6. Fagkonferanse og årsmøte 2019.
7. E-post «Invitasjon til høring – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift».
8. E-post «FKT- Høringsutkast – Veileder – Kontrollutvalgets påse- ansvar ovenfor regnskapsrevisor».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/19	033&58	29.01.2019	14.03.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har på noverande tidspunkt, ikkje merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumentta finn ein på Vanylven kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/vanylven/Dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Formannskapet	27.11	04.12
Kommunestyret	13.11	11.12
Planutvalet		
Driftsutvalet	22.11	
Livsløputvalet	21.11	
Hamnestyret		
Valstyret		
Eldrerådet	08.11	19.12
Administrasjonsutvalet		
Arbeidsmiljøutvalet	26.11	
Råd for funksjonshemma	14.11	

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033	25.01.2019	14.03.2019	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/19	033	25.01.2019	14.03.2019	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen som framlegget.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2019 er det i tillegg til 14. mars sett opp møte 11. april, 13. mai, 26. september og 27. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/19	232	06.03.2019	14.03.2019	KS

KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding og Skatterekneskapen for 2018.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019
- Årsmelding 2018 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2019
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 14.01.2019

Saksopplysning

Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføring av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 0,0% (0 kontrollar av 8) (5,2 i 2017 og 4,2 i 2016), medan kravet er 5%.
Skatteoppkrevjar skriv i sin årsrapport at alle kontrollane er gjennomførte, men ikkje ferdiggjorde i 2018.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 var kr 83.682.753. I 2017 var den kr 77.373.443. Dvs. ein auke på kr. 6.309.310, eller om lag 8.15%.

Skatteoppkrevjar har nådd alle resultatkrav utanom restskatt personlege skatteytarar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/19	033&58	06.03.2019	14.03.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/vanylven/Dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Formannskapet	15.01 29.01 19.02 05.03
Kommunestyret	04.02 05.03
Planutvalet	
Driftsutvalet	
Livsløputvalet	23.01 06.03
Hamnestyret	
Valstyret	
Eldrerådet	24.01
Administrasjonsutvalet	
Arbeidsmiljøutvalet	
Råd for funksjonshemma	16.01

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/19	217	07.03.2019	14.03.2019	JS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - ØKONOMISK SOSIALHJELP

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjekt – Økonomisk sosialhjelp, Vanylven Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 22.10.18).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar.
 2. Kommunen må utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skriftleg fram i søknadsvedtaket.
 3. Kommunen må i samband med vurdering av aktivitetsplikt også vurdere om det bør settast eventuelle villkår for aktiviteten.
 4. Kommunen må få på plass ei ordning der klientar under 30 år blir fanga opp og kontinuerlig følgt opp med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle villkår.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.09.2019**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Økonomisk sosialhjelp, Vanylven Kommune*, datert 22.10.2018.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i sak 24/18 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring økonomisk sosialhjelp. Målsettinga med prosjektet var å vurdere grunnlag for vedtak om utbetaling er tilstade (tilfredstillande informasjonsinnsamling og dokumentasjon). Ein ønskte også å sjå om kommunen stiller krav til aktivitet for sosialmottakarar under 30 år.

Problemstillingar:

1. Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?
2. Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps- mottakarar under 30 år? Blir aktivitetsplikta overhaldt?

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar:

Problemstilling 1:

- **Har kommunen etablert tilfredstillande rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp?**

Frå rapporten trekker vi ut følgjande (side 4-5):

Alle enkeltvedtaka følgde same mal, utforming og oppfylte krava i høve forvaltningslova. Det er valt å dokumentere eventuell dialog og viktige saksopplysningar i enkeltvedtaka. Dette gjer at all informasjon som har vore innhenta går fram av sjølve enkeltvedtaket, som igjen bidrar til at mottakaren får innblikk i dei faktiske forholda som har vore avgjerande for vedtaket.

Gjennomgangen viste at dokumentasjonen i høve enkeltvedtak generelt sett var god då det gjaldt dokumentering av utgifter, men i enkelte saker spesielt knytt til livsopphald/buutgifter, var dokumentasjonen ikkje god nok på formuesida.

Kommunen bør dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar. I tillegg til at underdokumentasjon bør ligge i saksmappene, bør det også i vedtaket gå fram ei oversikt som syner all dokumentasjon som har vore nytta i vurderinga av søknaden. Dette vil kunne bidra til at saksbehandlar lettare får oversikt over innhenta dokumentasjon, samt kva ein saknar/bør innhente.

Dei fleste søknadane var behandla innan ei veke og fleire var behandla same dag som søknaden var motteke.

I nokon få søknader var saksbehandlingstida på over ein månad, men dette skuldast mangel på dokumentasjon ved søknaden.

Ein vurderer saksbehandlinga i dei kontrollerte sakene som tilfredstillande.

Problemstilling 2:

- **Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps- mottakarar under 30 år?**
- **Blir aktivitetsplikta overhaldt?**

Frå rapporten trekker vi ut følgjande (side 5):

Gjennomgangen av enkeltvedatak viste at dei fleste sakene mangla vurdering av aktivitetsplikt. Det var ikkje sett vilkår for aktivitet i nokon av vedtaka. Kommunen bør utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år blir fanga opp og vurdert mht. aktivitetsplikta og at vurderinga går skrifteleg fram i enkeltvedtaket.

Det bør også vurderast om det skal settast villkår for aktiviteten.

Kommunen viser til fleire arbeidsretta tiltak og aktiviteter. Det går derimot i svært liten grad fram av søknadsvedtaket om desse tiltaka/aktivitetane har vore nytta i samband med å stille krav til aktivitet for sosialhjelps-mottakarane under 30 år.

Vi har difor ikkje grunnlag for å kunne seie at arbeidsretta tiltak har vore nytta mot sosialhjelps-mottakarane under 30 år.

Kommunen bør få på plass rutine for å fange opp og følgje opp klientar under 30 år med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår.

Kommunen bør vurdere om dette arbeidet/ansvaret fell under «Jobbsjansen», då deira hovudmål skal vere å drive individuell oppfølging for å sikre unge vaksne eit aktivitetstilbod.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 21 i rapporten):

1. Kommunen bør dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar.
2. Kommunen bør utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skrifteleg fram i søknadsvedtaket.
3. Kommunen bør i samband med vurdering av aktivitetsplikt også vurdere om det bør settast eventuelle villkår for aktiviteten.
4. Kommunen bør få på plass ei ordning der klientar under 30 år blir fanga opp og kontinuerlig følgt opp med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår.

Rådmannen sin kommentar (side 22 i rapporten):

Rapporten har vert lagt fram for rådmann v/kommunalsjefen for helse og omsorg.

Rapporten har vore gjennomgått på møte med alle tilsette på NAV Vanylven. NAV kontoret skal bruke rapporten som ein mal for å få på plass de anbefalingane som kjem frem i rapporten.

Vi tek anbefalingane frå revisjonsrapporten til vitande, og arbeider inn anbefalingane i rutinane.

Dokumentasjon og likningsoppgåver blir no synleggjort i vedtaket .

Vurdering av aktivitetsplikt går no skrifteleg fram i vedtaket. Vilkår for aktivitet blir vurdert.

Vi har ein fast person på Nav som følgjer opp kontinuerlig aktivitetsplikt og vilkår. Det blir jobba tett saman med «Jobbsjansen».

I møtet

Karoline Sighaug i Vest kontroll gikk frå møtet under behandlinga av denne saka.

Dette då ho tidlegare har jobba i NAV Vanylven og er såleis inhabil.

Utvalet var samde i at det ryddigast at ho ikkje var til stades.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/19	217	07.03.2019	14.03.2019	KS/JS

NESTE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Samrøystes vedtak

- 1..Kontrollutvalet ber revisjonen utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan pleie og omsorg – spissa mot tenesteytingar i heimebaserte tenester.
- 2.Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide prosjektplan snarast for behandling i neste møte i kontrollutvalet.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 i K-sak 196/16, med følgjande prosjektområde for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- PPT (Barnehage, grunnskule inkl. samarbeid mellom desse og PPT). **Utført.**
- Overtid – vikarbruk (Primært innanfor pleie- og omsorg)
- KOSTRA-analyse (primært innanfor administrasjonen)
- Barnevernområdet. Jf- prosjekt i kontrollutvalssak 31/16. Forvaltningsprosjekt – barnevern. Oppfølging eller nytt prosjekt. Detaljutforming kjem når ein er klar for å begynne prosjektet og i prosjektplanen.
- Økonomisk sosialhjelp. Prosjektet må kome ut i perioden. **Utført**

Kontrollutvalet har fått fullmakt frå kommunestyret til å prioritere og spesifisere prosjekt, samt eventuelt leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Barnevern var behandla i kontrollutvalssak 31/16
 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Sjølvkost vatn og avløp var behandla i kontrollutvalssak 09/17
 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats var behandla i kontrollutvalssak 43/17.

Kontrollutvalet må enten velje prosjekt frå lista, eller eventuelt legge til eit nytt prosjekt. Vi rår til at det vert utført eit prosjekt innanfor pleie og omsorg, som går på tenesteyting i heimesjukepleia i staden for prosjekt overtid/vikarbruk som er oppsett i planen. Revisjonen har utført slike prosjekt i fleire av dei andre kommunane.

Det skal snart utarbeidast ein ny plan for forvaltningsrevisjon for komande planperiode/valperiode. Dei andre oppsette prosjekta i nåverande plan kan vurderast som aktuelle i komande plan periode, men må vurderast ut frå funn i overordna analyse som skal gjerast i forkant av sjølv forvaltningsrevisjonsplanen.

DRØFTINGAR

Kontrollutvalet ber rådmannen kome med skrifteleg orientering om årsaka til at stillinga til strategi og utviklingsleiar vart oppretta og kvifor det vart tilsett utan utlysning.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte